



## Vedtekter for kommunal skulefritidsordning i Sirdal kommune (SFO)

Vedtektene for kommunal skulefritidsordning i Sirdal kommune er vedtekne av Utval for oppvekst og levekår 09.09.2015.

Vedtektene gjeld frå 01.10.2015 og erstattar tidligare vedtekter for skulefritidsordninga i Sirdal kommune.

Revidert 06.08.2019

### 1. Føremål

Skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod før og etter skuletid, i tillegg til skulefrie dagar, heimla i opplæringslova §13-7.

Tilbodet om SFO gjeld:

a. Elevar på 1.-4. årstrinn

b. Elevar med særskilte behov på 1.-7. årstrinn

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna.

SFO skal gje borna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma born skal bli gitt gode utviklingsvilkår.

### 2. Eigarforhold

Sirdal kommune står som eigar av skulefritidsordninga.

Utval for oppvekst og levekår er ansvarleg styringsorgan på kommunenivå.

Samarbeidsutvalet ved den einskilde skule er òg samarbeidsutval for skulefritidsordninga ved skulen.

### 3. Opptak

Hovudutlysinga av SFO-tilbod skjer ein gong i året, med søknadsfrist 1. mai.

Opptak kan òg skje gjennom året om det er ledig plass.

Søknad om plass skjer elektronisk via Visma Flyt Skole

Rektor godkjenner opptak i SFO i samarbeid med dagleg leiar.

### 4. Opptakskriterium

Sirdal kommune har som målsetting at alle som har behov for SFO-plass, skal få det.

Dersom skulen likevel ikkje skulle kunna ta imot alle søkjarane, gjeld følgjande prioritering:

1. Born med særskilte behov

2. Yngre born skal ha plass framfor eldre

3. Søsken

### 5. Oppseiingsfrist, opptaksperiode og endringar i opphaldstid

Plass i SFO kan seiast opp med to (2) månaders skriftleg varsling, og gjeld frå den 1. i månaden. Ein betaler for oppseiingstida sjølv om ein ikkje nyttar tilbodet.

Det er mogleg å gjera endringar av opphaldstid undervegs.

Oppseiing eller endring av type plass skjer i Visma Flyt Skole.

Endring av plass til eit mindre tilbod har same frist som oppseiing (2 mndr)

Endring av plass til eit større tilbod har ei veker frist, og blir handsama så fort som mogleg.

Elevar som får plass, reknar ein som SFO-elev frå den datoen eleven byrjar, til

- plassen blir sagt opp skriftleg i Visma Flyt Skole, eller
- eleven går ut av 4. klasse
- eleven går ut av 7. klasse – for elevar med særskilte behov

## 6. Klage på opptak

Klage på opptak skjer skriftleg til rektor.

Utval for oppvekst og levekår er klageinstans.

Frist for å klage er tre (3) veker frå dato då melding om vedtaket vart motteke.

## 7. Opphaldstid og opningstider

Skulefritidsordninga har tilbod alle dagar då skulen har undervising. Dette inkluderer undervisingsfrie dagar for 1.-4. klasse.

SFO har òg ferietilbod før skulestart i august og etter skuleslutt i juni, haustferie og vinterferie. Det er eiga påmelding til desse dagane, minst tre (3) veker før.

SFO har stengt i fem (5) veker om sommaren, juleferie, påskeferie og seks (6) dagar kvart skuleår som personalet skal nytta til planlegging.

Opningstidene kan variera frå skule til skule. Den daglege opningstida blir fastsett av samarbeidsutvalet på den einskilde skulen, innanfor tidsrommet 06.45 – 16.00.

## 8. Foreldrebetaling

SFO blir finansiert ved brukarbetaling og ved kommunale midlar.

Satsane for foreldrebetaling vert fastsett av kommunestyret.

Betalingsatsane kan endrast med verknad frå 01. august kvart år.

Det er to satsar:

- ein sats for dagleg opphaldstid
- ein høgare sats for ekstra påmelding/tilfeldig bruk og ferietilbod.

Ein blir kravd for kvar påbegynte time for ekstratid/tilfeldig bruk.

Med "tilfeldig bruk" meiner me behov som oppstår ved særskilte forhold. Dersom behovet for fleire timar er av meir varig/gjentakande karakter, må ein bytta til neste betalingsgruppe. Ordninga kan ikkje brukast som eit fast tilbod.

I tillegg kjem kostnader for måltid onsdag

Ein har 30% søskenmoderasjon.

Betalinga blir kravd inn i 10 terminar; august – juni.

Fakturering skjer etter opphaldstid pr. månad.

Betalingsforfall for faste brukarar er den 15. i kvar månad.

Foreldrebetaling må betalast òg når barnet har fråvær. Ved langvarig fråvær, meir enn 14 dagar, kan ein søkja om reduksjon i pris.

Det kan bli kravd betaling om barnet vert henta for seint meir enn to (2) gonger. Etter to (2) varsel, eit munnleg og eit skriftleg, vil dei føresette bli belasta med eit gebyr på

kr. 200,- om det gjentek seg.

### Betalingsordning

Betalinga for fast opphaldstid er inndelt i fem (5) betalingsgrupper.

Betalingsgruppe	1	2	3	4	5*
Opphaldstid pr. veke:	1,0-5,9 timar	6,0-11,9 timar	12,0-17,9 timar	18,0-20,9 timar	21,0-23,0 timar

100% opphaldstid pr. veke i Tonstad SFO = 23 timar

- \* Morgonøkt 4 dagar x 1.25 timar = 5 timar
- \* Ettermiddagsøkt 4 dagar x 2.5 timar = 10 timar
- \* Heile onsdag = 8 timar

100% opphaldstid pr. veke i Sinnes SFO = 20 timar

- \* Morgonøkt 4 dagar x 2 timar = 8 timar
- \* Ettermiddagsøkt 4 dagar x 1,5 time = 6 timar
- \* Heile onsdag = 6 timar

\*) Dette er berre eit tilbod ved Tonstad SFO, da maksimal opphaldstid ved Sinnes SFO er 20 timar pr. veke.

Dagar som normalt er undervisingsfrie, men som blir nytta til undervising, blir trekt frå faktura for dei som er innmelde i SFO på undervisingsfrie dagar.

### 9. Leike- og opphaldsareal

SFO-tilbod skal som hovudregel bli gitt ved den einsskilde skule, i skulelokala eller i skulen sitt nærrområde.

### 10. Leing

Rektor ved den einsskilde skulen har det administrative og pedagogiske ansvaret for skulefritidsordninga.

Leiar ved SFO har det daglege ansvar for skulefritidsordninga.

### 11. Andre forhold

Den einsskilde skulen kan vedta praktiske retningslinjer, rutinar og reglar dersom desse ikkje strid mot vedtekter eller sentralt gitte reglar. Dette kan gjelda forhold som t.d. frammøte, måltid, sjukdom, ordensreglar m.m.

### 12. Godkjenning av vedtektene

Vedtektene vert godkjende av Utval for oppvekst og levekår.

Vedlegg:  
Prisskjema